



Saksbehandlar: Ingvild Andersen, Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 15/11474-3

## **Oppfølging av stortingsvedtak om endring i lov om Innovasjon Norge**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Med bakgrunn i proposisjon 89 L (2014-2015) og dei justeringane som er gjort av Nærings- og fiskeridepartementet i brev av 29.01.2016, gjev fylkesutvalet i Sogn og Fjordane følgjande fråsegn:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslag til endringar i §7-9 om eigarane sine innskot.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner prinsipielt at dei regionale styra burde behaldast slik det vart gjeve uttrykk for i høyringsrunden. Når Stortinget no har vedteke at lovfestinga av dei regionale styra skal opphevast, er det vesentleg at det vert etablert ein regional styringsstruktur som knyter Innovasjon Norge sine distriktskontor tett opp til den regionale partnarskapen. Det er denne partnarskapen, som i tett samarbeid med private og offentlege aktørar, utviklar dei til ei kvar tid gjeldande næringsstrategiane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil påpeike at Stortinget sitt vedtak er at Innovasjon Norge skal ha et styre på 9 medlemmar. Departementet sitt forslag i §14 reflekterer ikkje dette forslaget. Lovteksten må knytast betre opp mot Stortinget sitt vedtak.

### Vedlegg:

Vedlegg 1: Høyringsnotat- endringar i lov om Innovasjon Norge

Vedlegg 2: Vedtak Fylkesting Sogn og Fjordane sak 38/14

Vedlegg 3: Oppfølging av Stortingsvedtak brev frå NFD 29.1.16

Vedlegg 4: Brev frå eigargruppa 9.2.16

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn og saksopplysningar**

24.oktober 2014 la Nærings- og fiskeridepartementet fram høyringsframlegg i høve eigarskapen i Innovasjon Norge. Eigarskapen mellom staten og fylkeskommunane vart oppretta i samband med forvaltningsreforma og tilrettelagt gjennom Ot.prp.nr 10 (2008-2009) om lov om endringar i forvaltningslovgjevinga mv (gjennomføring av forvaltningslova). Proposisjonen innehold fram-legg til lovgrunnlag for å sikre ivaretaking av dei fleste nye oppgåvene fylkeskommunane skulle overta frå 2010, mellom anna lov om Innovasjon Norge.

Gjennom innstilling til Odelstinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen vart ny justert lov om Innovasjon Norge sett i verk og den fylkeskommunale eigarskapen vart etablert frå 2010.

I høyringsframlegget av 24.10.2014 foreslo departementet å gjere enkelte endringar i lov om Innovasjon Norge for å gje betre rammer for eigarstyring, for forvaltninga av selskapet og for utviklinga av Innovasjon Norge som organisasjon. Mellom anna vart det tilrådd at føresegna om at Innovasjon Norge skal ha regionale styre vart teke ut av lova (jf. vedlegg 1).

Høyringsframlegget vart handsama i sak 38/14 i fylkestinget 09.12.2014. Fylkestinget vedtok ei fråsegn som sa at Innovasjon Norge burde halde fram med dagens delte eigarstruktur og at ordninga med regionale styre burde vidareførast (jf. vedlegg 2).

Proposisjon 89 L (2014-2015) om endringar i lov om Innovasjon Norge vart lagt fram for Stortinget 10.04.15. Saka vart overlevert næringskomiteen for handsaming, som gav sin innstilling om endringar i lov om Innovasjon Norge 08.12.2015. Lovsaka vart ferdig handsama i Stortinget 19.01.16, og vedtaket i samsvar med innstillinga frå næringskomiteen. Vedtaket slo fast at saka skulle sendast tilbake til regjeringa med førespurnad om ein ny proposisjon - der følgjande vart lagt til grunn:

- Dagens eigarstruktur i Innovasjon Norge vert oppretthalden.
- Lovfesting av regionale styre i Innovasjon Norge opphører.
- Innovasjon Norge skal ha eit styre på minst 9 medlemmer.
- Eigarane sitt ansvar for dei økonomiske forpliktingane i Innovasjon Norge vert i tråd med forslaget i Proposisjon 89 L (2014-2015).

Nærings- og fiskeridepartementet sende 29.01.16 (jf. vedlegg 3) ut eit utkast til justert endring i lys av Stortinget sitt vedtak. I brevet oppmoda departementet Innovasjon Norge og fylkeskommunane om å gje ev. merknader innan 19.02.16. «Eigargruppa» behandla brevet i møte 04.02.16 (jf. vedlegg 4) og hadde m.a. følgjande merknad til dette med regionale styre:

Disse tas nå ut av lovteksten. Vi gjør imidlertid oppmerksom på at eksisterende §11 fortsatt står der, og der det heter:

«Selskapet skal ha en organisering som er tilpasset ulike behov i regionene. Selskapet skal samarbeide med regionale aktører. Samarbeidet reguleres nærmere gjennom egne avtaler mellom selskapet og den enkelte aktør.»

Vi vil komme tilbake til et forslag om hvordan den regionale styringsstrukturen bør

Den administrative eigargruppa, med representantar frå seks fylkeskommunar (Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Hordaland, Vestfold og Telemark) skriv i brevet at dei er innstilt på å handtere saka vidare overfor departementet på vegne av fylkeskommunane, då i samråd med AU i fylkesordførar-/fylkesrådsleiarkollegiet. Det vert påpeika at dette ikkje er til hinder for at dei fylkeskommunane som ynskjer å gje ei eiga fråsegn, gjer dette.

## **2. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt svar på Nærings- og fiskeridepartementet si oppfølging av stortingsvedtak om endring i lov om Innovasjon Norge, bør byggje på framlegget frå den administrative eigargruppa, då dette framlegget tek opp i seg det fylkestinget tidlegare har vedteke. Framlegg til fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vert då som skissert over.